



Kristian Olav Bringedal, Håvard Skaadel og Arjen L.H. Stolk under festen

Kvinnerads kultursjef Kristian Olav Bringedal er ein stor orgelentusiast og no har han bestemt seg for å skaffe seg eit eksemplar av instrumentet. Truleg er han enda meir tent på tanken etter å ha vore med på ein gedigen opningsfest i Herand i dag. Det som vart opna var den nye orgelverkstaden til Arjen Lambertus Hendrik Stolk som er frå Oss i Nederland men som slo seg ned i i den vakre Hardangerbygda for snart 9 år sidan. Der har han skapt sin eigen arbeidsplass som ein av 5 orgelreparatørar i landet. Det har vorte ein valfartsstad for orgelfrelste.



[Å spela på eit kisteorgel er ein operasjon for 3.](#)

Opninga var ein gedigen fest der også ein annan med sterk tilknytning til Uskedalen av familiære grunnar spela ei bokstaveleg tala sentral rolle. Det var kantor i Nordheim ved Haugesund Håvard Skaadel, som er utruleg allsidig men som har ein spesiell forkjærlyghet for renessansemusikk. Det gav han sterke døme på ved å spela musikk frå tidsperioden frå 1550 til 1700.

Instrumentet hans var eit kisteorgel bygd i Nederland for få år sidan. Skaadels konsert var også ei pedagogisk oppleving - han viste til fulle kva instrumentet kan prestere og hadde mange festlege kommentarar.

Det vart også konsertert på eit harmonium laga i Noreg i 1875.

Organist Gerard van Reenen frå Groningen i Nederland hadde den oppgåva.

På den tettepakka programlista sto også Kari Malmanger frå Rosendal med band og bandet var Annelaug Børsheim (Ulvik) og Solveig Sørheim (organist i Etne) som til fulle utnytta både orgel og andre instrument inkludert røysta til Kari.

Men festen vart opna med bandklipping ved varaordførar Svein Johan Bakka som priste orgelreparatøren for den eineståande etableringa. Det kjem ikkje nye arbeidsplassar til Jondal kvar dag og dei vert enda sjeldnare etablert av utlendingar. Også gjennom lokale briller må dette vera ei vellukka etablering, skal ein døma etter blomstermengda i verkstadlokalet-

- Dette er eit døme på kreativitet. Uskedal Utvikling bør snarast arrangere ei studiereise hit, sa Kristian Olav Bringedal etter å ha teke på seg ein annan hatt, den som leiar av UU.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Varaordføraren klyppar og markerar at ei ny verksemd er skapt